

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 3. april 2013, kl 19.00 – 22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Kaia Gulbrandsen, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknad til referat etter styremøte 12.03.12.

Ingen merknad til møteinnkalling.

Oppfølging og gjennomgang av liste over ulike oppgåver for styremedlemene etter siste styremøte vart utkvittert.

Sak 2, Årsmøte 07.04.13.

Praktiske oppgåver for gjennomføring av årsmøte vart avtala og fordelt.

Sak 3, Herand Familiebarnehage.

Rekneskapen for mars var ikkje klar frå rekneskapsfører, denne vert handsama i neste styremøte.

Det er søkt om barnehageplass for 5 nye born frå juni/august i tillegg til dei 5 som går i barnehagen no.

Framlegg til arbeidsavtale med ny styrar vart godkjend av styret.

Styreleiar har fullmakt frå styret til å underteikne arbeidsavtalen med ny styrar.

Sak 4, Representantar til årsmøter.

Sidsel orienterte frå årsmøtet i Herand Omsorgsbustader.

Paul orienterte frå årsmøtet i Herand Aktiesagbruk.

Sak 5, Herand Bygdeblad.

Me har fått tilbod på trykking av bladet frå Norheimsund Trykkeri.

Sidsel går i forhandlingar med trykkeriet og legg saka fram for styret i neste styremøte.

Saka vart utsett til neste møte, samtalan med trykkeriet er ikkje avslutta.

Sak 6, Eventuelt.

1. Arjen Stolk skal flytte verksemda si til Bjørkhaug på Neset, han har sagt opp avtalen om leige av sløydsalen på skulen og flyttar ut innan 01.07.2013.
2. Bygdelaget har fått førespurnad frå Jondal kommune om me kan stå ansvarleg for å slå kommunale areal i Herand.
Sigmund avklarar nærare og gjennomfører samtalar med kommunen om aktuell økonomisk kompensasjon for jobben og legg saka fram i neste styremøte.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.